



Sensorar i norsk og engelsk i følge adresseliste

Sensorskuling 2013 i eksamensregion Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, i samarbeid med Utdanningsdirektoratet, inviterer til sensorskuling på Hotel Alexandra i Loen 13.- 14. mai.

Målgruppa er alle fagpersonane som er oppnemnde til å vere sensorar ved skriftleg eksamen i grunnskulen i 2013 for begge fylka. Det vil bli parallelle kurs i faga matematikk, engelsk og norsk. Utdanningsdirektoratet står for den faglege gjennomføringa. Det vil og bli tilbod om ei økt i bruken av PAS for sensorar. Sjå elles vedlagde program.

Stad: Hotel Alexandra i Loen

Tid: Start med lunsj måndag 13.mai kl. 12.00. Avslutning med lunsj onsdag 14. mai kl.12.30

Tema: Vurdering. Eksamen og prinsipp for sluttvurdering, vurdering i faga og drøfting av siste års elevsvar.

Målgruppe: Oppnemnde sensorar i engelsk, norsk og matematikk

Fagansvarlege:

Norsk: Mette Thoresen, Udir og Ingrid Bøe frå fagutvalet

Engelsk: Bodil Boie Brekkan og Paul Wilkie frå fagutvalet

Matematikk: Gregorius Brogstad frå Utdanningsdirektoratet

Elektronisk påmelding: <http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Sensorskuling/> Lenkje til påmeldingsskjema i sidemarg.

Påmeldingsfrist: Fredag 26. april.

Program: Sjå vedlegg.

Økonomi: Kurs og opphald er gratis. Skulen / kommunen må dekkje vikarutgifter og reise. Vi oppfordrar til "samkøyring" så langt råd er. Vi legg ved liste over oppnemnde sensorar. Etter påmeldingsfristen vil du finne oppdatert deltakarliste på same lenkje som program og påmelding.

Vi ber om at du informerer rektor / leiinga på skulen om innhaldet i dette brevet. Sjølv om denne skuleringa er eit frivillig tilbod til sensorane, håpar vi på god deltaking, og at skulane ser på dette som god etterutdanning for sine lærarar.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sender ut denne invitasjonen til sensorane i matematikk, medan Fylkesmannen i Møre og Romsdal sender ut til norsk- og engelsksensorane.

Vi ber om at du tar med eksamensrettledning for 2013 i det faget du skal vere sensor i. Sjå <http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen-grunnskole/Vurderings--og-sensorveiledninger-og-forhandssensur-grunnskolen/>

Vi ber om at dei som ikkje kjenner eksamensoppgåvene frå 2012 i sitt fag, sett seg inn i oppgåvene. Sjå denne lenkja: <https://pgsf.udir.no/dokumentlager/EksamensOppgaver.aspx?proveType=EG>. Alle skular har fått passord til desse oppgåvene, men vi sender likevel ut ei eiga melding med passordet til sensorar.

Særleg for matematikk:

For sensorar i matematikk vil det verte sendt ut eigen e-post med oppgåver, førehandssensur, vurderingsskjema og poengskjema.

Til orientering for dei som var sensorar i fjor: Fagpersonane vil plukke ut andre døme på elevsvar frå eksamen 2012 enn dei som vart brukt på fellessensurmøtet i 2012.

Spørsmål om sensorskoleringa kan rettast til: John Ole Vange, 57 64 31 10, fmsfjov@fylkesmannen.no, eller Annhild Lorentzen annhild.lorentzen@fylkesmannen.no, 71 25 88 26.

Spørsmål om påmeldinga kan rettast til: fmmrkurs@fylkesmannen.no eller til Kjellaug Flusund Finnøy telefon 71 25 80 67.

Vel møtt i Loen!

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)
Utdanningsdirektør

Annhild Merete Lorentzen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

- 1 Sensorar matematikk
- 2 Sensorar norsk
- 3 Sensorar engelsk
- 4 Program

Kopi pr e-post:

Mette Thoresen, Udir
Matilda Burman, Udir
Gregorios Brogstad, Udir
Ingrid Bøe
Bodil Boie Brekkan
Paul Wilkie